

Hyllest til den miljøbevisste Uskedal skule.

01.06.2018



Anja Måkestad Smith ( 5. kl. ) i grøn plastdrakt syner fram kva ho har laga.

**Etter ei veke med tverrfagleg prosjektarbeid var det opning av kunstutstilling på Uskedal skule i dag. Sjølvaste poeten Arne Torget var hyra inn for å sei fram hyllest til den miljøbevisste Uskedal skule, - til elevane. tilsette, foreldra og ikkje minst kunstpilotane Anette og Andre Marandon. I kjole, kvitt og flosshatt vart opninga ei verdig hending.**

Den siste veka har alle elevane på tvers av klassar jobba miljø. Utgangspunktet var plast som ressursa, men også som ein miljøversting. Strandryddinga og anna plastrydding har ført fram til kreative tankar om kva ein kan skapa og bruka plasten til. Ein vil bruka det som er søppel, til noko skapande og nytt.



Arne Torget seier fram hyllest til miljøbevisst elevar og klypper snora i plast.

Prosjektet er eit tilbod frå Fylkeskommunen i regi av Den Kulturelle skulesekken. Instruktørane har vore i Uskedalen to gonger før, både på planleggingsdag og saman med elevane i det å skapa rom i det store uterommet. Skarveland skule har også hatt same tilbodet.



Det krydde av grøne plastkledde elevar på skuleplassen.

Sjå til Uskedalen som har laga kunst av plast, var grunntonen i Arne Torget si framføring før han klypte snora, som sjølv sagt var laga i plast.

Etterpå var det mannekeng framsyning med drakter og installasjonar i plast.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Instruktørane Anette og Arne Ramadon saman med pedagog Bente Tveit.